

## Viktig vedlikehold på Stemneplassen.

27.05.2016



Audun Eik er i gang med sprøytinga.

I lengre tid har rommet under scenen på Stemneplassen vore plaga med fukt. Det har vore vanskeleg å slå fast kva som er årsaka til dette. På siste årsmøtet vart det bestemt at betongplata skulle behandlast med tetningsstoff for å sjå om det løyste problemet. Denne veka er dette arbeidet i gang.



Dugnadskarane fyller spesialstoff på lavtrykksprøyta.

Tirsdag var leiar Ove Myhre og dugnadsmannen Audun Eik på plass og gjorde førearbeid. Då brukte dei føremiddagen til grundig reingjering av betongplata. Med spesialvaskemiddel vart plata høgtrykksprøya og skrubba. Rein og fin vart den!

I dag, fredag, var dei to klar for ein ny dugnadsrunde. Rundt klokka halv ni var dei på plass, og etter litt førearbeid, starta dei med å påføra eit spesialstoff med lavtrykksprøyte. Stoffet skal trekkja ned i betongen og tetta samstundes som det syt for at det pustar. No vert det spennande å sjå om det har nokon verknad på fuktigheten. Uansett er det viktig vedlikehald av betongplata som ikkje har vore behandla på fleire tiår.

Vi nemner samstundes at møterommet på Stemneplasse er svært godt eigna til samlingar opp til 30. Billig er det også! Meir opplysningar finn de ved å klikka [her](#).

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland